



Marthe Kristoffersen og kommunikasjonssjef Espen Mathisen under signeringa. (Foto: Infratek)

Medan stafett-jentene våre sikra eit suverent VM-gull i Falun i går, gjekk ein annan landslagsløpar, Marthe Kristoffersen, seg inn på Infratek-laget då ho signerte ein personleg sponsoravtale. Kommunikasjonssjef Espen Mathisen signerte avtalen for Infratek. Mathisen er ofte her i bygda på besøk hos foreldra Anne Margrethe og Ola Matti Mathisen på Skansen.

Espen Mathisen har blitt ein god Uskedals-ven, og han har mellom anna gjort ein god jobb for nettsida som musikkannemeldar under Festidalen i fleire år. Dessutan har han vore ivrig deltakar i ulike quiz-tevlingar der laga hans som regel har gjort det svært så skarpt. Han er kommunikasjonsjef i Infratek som er Nordens leiande totalleverandør innan bygging, drifting og vedlikehald av kritisk infrastruktur.

Langrennsløparen Marthe Kristoffersen suste inn i verdseliten i 2007 saman med Therese Johaug. Ho vart rekna som ei av verdas beste fristilsløparar. Dette sikra ho pallplassar i verds-cupen, NM-tittel og plass på det sterke norske stafett-laget saman med Johaug, Bjørgen og Steira. Så seint som 2012/13 vart ho nr.5 samanlagt i Tour de Ski etter 4.plass på den avsluttande motbakke-etappen. Etter det har ho hatt mykje sjukdom og motgang, og ho er no i ferd med å arbeida seg tolmodig tilbake mot verdstoppen.

– Vi gleder oss over å ha Marthe Kristoffersen med på Infratek-laget, og håper at hennes pågangsmot og arbeid i idretten kan inspirere våre ansatte i sin arbeidshverdag, uttalar Espen Mathisen i samband med signeringa av sponsoravtalen.

De kan lesa meir om både Infratek og avtalen [her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland